

Lov for IL Bjørnar



Stiftingsdato 15.sept 1946. Loven følger NIFs lovnorm og er sist vedtatt av idrettslagets styre den 14.mai 2024.

Informasjon: lenker til NIFs lov pr. 01.01.24 er tatt med når ILB lover henviser til NIFs lov. NIFs lov per 01.01.24 er samanstilt tilgjengelig [her](#),

§ 1 Formål

- (1) Idrettslaget Bjørnar (ILB) sitt formål er å drive idrett organisert i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF). Arbeidet skal pregast av frivillighet, demokrati, lojalitet og likeverd. All idrettsleg aktivitet skal byggje på dei verdier som er vedtatt av Idrettstinget.

§ 2 Organisasjon

- (1) Idrettslaget er sjølveigande og frittstående med berre personlege medlemmer.
- (2) Idrettslaget er medlem av Norges håndballforbund. For reglar om plikta idrettslaget har til å vere medlem av eit særforbund gjeld [NIFs lov § 10-1 \(4\)](#).
- (3) Idrettslaget er medlem av NIF gjennom Vestland idrettskrets og Idrettsrådet i Bergen.
- (4) For reglar om representasjonsrett gjeld [NIFs lov § 10-3](#).
- (5) For reglar om plikta idrettslaget har til å halde regelverket og vedtaka til overordna organisasjonsledd gjeld [NIFs lov §§ 2-2 og 2-3](#).
- (6) Laget er tilslutta Allianseidrettslaget Arna-Bjørnar og pliktar å halda dette lagets lover og vedtak. For reglar om idrettslagsalliansar gjeld [NIFs lov § 10-7](#).

§ 3 Medlemmer, medlemskontingent og avgifter

- (1) For reglar om opptak av medlemmer, utmelding, fråtaking av medlemskap m.m. gjeld [NIFs lov §§ 10-4 og 10-6](#).
- (2) For plikta idrettslaget har til å registrere opplysningar i medlems- og organisasjonsregisteret til idretten gjeld [forskrift om idrettens medlems- og organisasjonsregister](#), jmf [NIFs lov § 10-5](#)
- (3) Dei som har gyldig medlemskap i Idrettslaget Bjørnar er automatisk medlemar i Allianseidrettslaget Arna-Bjørnar.
- (4) Medlemskontingenten vert fastsett av årsmøtet.¹ Andre avgifter/eigendelar kan krevjast for deltaking i idrettslaget sine aktivitetstilbod.
- (5) Medlemskontingenten skal betalast forskotsvis. Medlemmer som skuldar kontingent for meir enn eitt år, misser rettane sine og styret kan stryka dei frå medlemslistene. Eit medlem som er stroke av listene, kan ikkje takast opp att før skuldig kontingent er betalt. Styret har høve til å setje ned eller fråfalla kontingenten ved sjukdom, arbeidsløyse eller av andre gyldige grunnar.

§ 4 Kjønnfordeling

For reglar om kjønnfordeling i styre, utval m.m. og ved representasjon til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd gjeld [NIFs lov § 2-4](#).

1 Idrettslaget kan innføre ulike kontingentkategoriar (t.d. for familiar, pensjonistar, studentar). Kontingenten må vere på minst kr 50 per medlem. Årsmøtet kan vedta at æresmedlemer skal vere fritekne for betaling av kontingent.

§ 5 Generelle reglar om stemmerett, kvalifisering til val, forslagsrett m.v.

For reglar om stemmerett, kvalifisering til val og forslagsrett gjeld [NIFs lov §§ 2-5, 2-6 og 2-7](#).

§ 6 Inhabilitet

For reglar om inhabilitet gjeld [NIFs lov § 2-8](#).

§ 7 Vedtaksførleik, fleirtalskrav og protokoll

For reglar om vedtaksførleik, fleirtalskrav og protokoll gjeld [NIFs lov § 2-9](#).

§ 8 Refusjon av utgifter og godtgjering

For reglar om refusjon av utgifter og godtgjering gjeld [NIFs lov § 2-10](#).

§ 9 Rekneskap, revisjon, m.v.

For reglar om rekneskap og revisjon, m.v. gjeld [NIFs lov §§ 1-7, 2-11, 2-13 og 2-14](#).

§ 10 Årsmøtet

- (1) Årsmøtet er det høgaste styringsorganet i idrettslaget, og det blir halde kvart år innan utgangen av mars månad.
- (2) Ordinært og ekstraordinært årsmøte blir gjennomført i samsvar med denne lova og [NIFs lov §§ 2-15, 2-16, 2-17, 2-19, 2-20](#).
- (3) Alle medlemene i idrettslaget har tilgjenge til årsmøtet. Årsmøtet kan invitere andre personar og/eller media til å vere til stades, eventuelt vedta at årsmøtet berre er ope for medlemmer.
- (4) Oppgåvene til årsmøtet skal:²
 1. godkjenne dei som har stemmerett
 2. velje dirigent(ar)
 3. velje protokollførar(ar)
 4. velje to medlemmer til å skrive under protokollen
 5. godkjenne forretningsordenen/møteregele
 6. godkjenne innkallinga
 7. godkjenne saklista
 8. behandle årsmeldinga frå idrettslaget
 9. behandle
 - a. rekneskapen til idrettslaget
 - b. styrets økonomiske beretning
 - c. meldinga frå kontrollutvalet
 - d. eventuell melding frå engasjert revisor
 10. behandle øvrigte saker som kjem fram av godkjend sakliste
 11. fastsetje
 - a. medlemskontingent på minst kr 50, og
 - b. eventuell treningsavgift, eller gi styret fullmakt til å fastsette treningsavgift for gruppas aktivitet.³
 12. vedta budsjettet til idrettslaget
 13. behandle organisasjonsplan⁴ til idrettslaget
 14. gjere følgjande val:⁵
 - a. styre med leiar og nestleiar
 - b. seks (6) styremedlemmer.⁶ Val vert gjennomført i tråd med organisasjonsplan under punkt 13)

2 Dersom saklista ikkje vert fullført, kan det kallast inn til framhaldande årsmøte. Slik innkalling skjer på tilsvarande måte som for ordinært årsmøte, men eventuelt med kortare frist godkjend av årsmøtet. Framhaldande årsmøte kan berre handsame saker som var med i godkjend sakliste for årsmøtet.

3 Årsmøtet kan fastsetje ei øvre grense for storleiken på treningsavgifta

4 Organisasjonsplanen skal regulere den interne organiseringa og aktiviteten i idrettslaget.

5 Dette er minimum av dei tillitspersonar som skal veljast på årsmøtet. Årsmøtet kan i tillegg velje andre tillitspersonar det er behov for.

6 Idrettslaget kan velje om styremedlemmer skal veljast for eitt eller to år av gangen.

- c. kontrollutval med leiar, éin (1) medlem og éin (1) varamedlem
- d. representantar til ting og møte i dei organisasjonsledda der idrettslaget har representasjonsrett, eller gi styret fullmakt til å utnemne representantane
- e. valkomité med leiar, éin (1) medlem og éin (1) varamedlem
- f. eventuelt andre val i samsvar med organisasjonsplanen til idrettslaget, jf pkt 13)

15. avgjere om det skal engasjerast revisor til å revidere rekneskapen til idrettslaget
Leiarar og nestleiarar skal veljast enkeltvis. Dei andre medlemmene skal veljast samla.
Deretter skal varamedlemmene veljast samla. Der det blir valt fleire varamedlemmer, skal det veljast 1. varamedlem, 2. varamedlem osv. Ved skriftleg val vert rekkjefølgja avgjord i høve til stemmetala. Valkomiteen skal veljast på fritt grunnlag, etter innstilling frå styret.

For reglar om stemmegivinga på årsmøtet gjeld [NIFs lov § 2-21](#).

For regler om kontrollutvalget, gjeld [NIFs lov § 2-12](#).

For regler om valgkomiteen, gjeld [NIFs lov § 2-1](#).

§ 11 Styret i idrettslaget

- (1) Idrettslaget blir leidd og forplikta av styret, som representerer idrettslaget eksternt.
- (2) Styret er den høgaste styresmakta til idrettslaget mellom årsmøta, men visse avgjerder kan berre vedtakast av årsmøtet i samsvar med § 10 (4) og [NIFs lov § 2-22](#).
- (3) Forvaltninga av, og tilsynet med, alle delar av idrettslagsverksemda høyrer under styret. Styret skal sørgje for:⁷
 - at formålet med idrettslaget blir oppfylt
 - at idrettslagsverksemda og økonomistyringa er forsvarleg organisert og at idrettslaget sine midlar vert brukt og forvalta på ein forsiktig måte i samsvar med dei vedtak som er fatta på årsmøtet eller av overordna organisasjonsledd
 - at avgjerder fattast i samsvar med regelverket og vedtaket til overordna organisasjonsledd, lova til idrettslaget og årsmøtevedtaket
 - å representere idrettslaget utetter
 - at det blir registrert opplysningar i samsvar med § 3 (2)
 - at det blir utnemnt ein ansvarleg for politiattestordninga
 - at det blir utnemnt ein ansvarleg for barneidretten
- (4) Styret kan utnemne komitear/utval for handtering av kontinuerlege eller enkeltstående oppgåver, og utarbeide mandat/instruks for dei.
- (5) Styret skal oppnemne representantar til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd dersom årsmøtet ikkje har valt representantar.
- (6) Styret skal halde møte når leiaren bestemmer det, eller når minst to av styremedlemmene krev det.

§ 12 Grupper

- (1) Årsmøtet i idrettslaget kan vedta å opprette og leggje ned grupper, og korleis dei skal organiserast og leiast.
- (2) Dersom årsmøtet i idrettslaget ved behandlinga av organisasjonsplanen har vedteke å opprette grupper med gruppestyre, gjeld følgjande for idrettslag med omsetnad og medlemstal over terskel fastsett av Idrettsstyret:
 - a) Kvar gruppe skal ha eit gruppestyre på minst tre medlemmer. Gruppestyret blir valt på årsmøtet eller blir utnemnt av styret etter fullmakt frå årsmøtet.
 - b) Gruppa bør ha minst eitt årleg møte der gruppa diskuterer økonomien i gruppa og aktiviteten i gruppa, foreslår kandidatar til gruppestyret og dessutan gir eventuelle innspel til saker som blir behandla av styret eller årsmøtet.

⁷ Dette er eit minimum av kva for oppgåver som skal leggjast til styret. Idrettslaget står fritt til å leggje til andre styreoppgåver her.

c) Gruppestyret konstituerer seg sjølv, med mindre noko anna er vedteke av årsmøtet eller av styret etter fullmakt frå årsmøtet.

d) Gruppestyret fastset ei eventuell årleg treningsavgift innanfor ramma av fullmakt som er gjeven av årsmøtet eller styret.

- (3) Gruppestyret eller representantar for grupper kan ikkje inngå avtalar eller på annan måte forplikte idrettslaget, eller representere idrettslaget utad, utan godkjenning og fullmakt frå styret i idrettslaget.

§ 14 Lovendring

For reglar om lovendring gjeld [NIFs lov § 2-2](#).

§ 15 Oppløysing, utmelding m.m.

- (1) Idrettslaget kan vedta oppløysing
- a. ved eit einstemmig vedtak om oppløysing på årsmøtet, eller
 - b. ved å vedta oppløysing med 2/3 fleirtal på to påfølgjande årsmøter, der det etterfølgjande årsmøtet må haldast minimum tre månader og maksimum 6 månader seinare.
- Ein føresetnad for eit gyldig vedtak om oppløysing er at idrettslaget skriftleg varslar idrettskrinsen og særforbundet seinast 14 dagar før årsmøtet til idrettslaget behandlar forslag om oppløysing.
- (2) Samanslutning med andre idrettslag blir ikkje rekna som oppløysing av idrettslaget. Vedtak om samanslutning eller utmelding frå særforbund, og nødvendige lovendingar i tilknytning til dette, må gjerast med 2/3 fleirtal av årsmøtet.
- (3) For reglar om utmelding og tap av medlemskap i NIF gjeld [NIFs lov § 10-2](#).